



LINDUM AS  
Lerpeveien 155  
3036 DRAMMEN

Dato: 15.06.2016  
Vår ref.: 2016/5093-4  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.:

Att. Marianne Seland

## **Fråsegn til oppstart av planarbeid og høyring av planprogram, Eikefet og Urdal, Lindås kommune**

Vi viser til brev datert 20.05.2016 om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Eikefet og Urdal, gnr. 220, brn. 13 med planprogram. Hovudføremålet med reguleringa er avfallsdeponi. Føremålet er i hovudsak i samsvar i strid med kommuneplan der området er sett av til råstoffutvinning. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### **Vurdering og innspel**

#### Relevante planfaglege innspel

Planområdet som ligg føre er eit eldre areal for råstoffutvinning av stein. I gjeldande reguleringsplan er det regulert til sedimentbasseng for den aktive pukkdrifta og for deponering av masser frå pukkverket som ikkje kan nyttast i produksjon. I gjeldande plan er det sett krav til at terrassane i steinbrotet skal revegiterast.

Føremålet med planarbeidet som no ligg føre er å endre føremålet slik at området kan nyttast til deponi for ureina jordmassar og betong som er avfall. Dette gjev også mogelegheit til å forme landskapet til ein meir funksjonell utforming enn ved revegitering av eksisterande steinbrot.

Planprogrammet som ligg føre er utfyllande og skildrar formålet med prosjektet, behovet for utgreiingar, planprosess og medverknad.

I det vidare planarbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Ros
- Areal- og transport
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Landskap
- Naturmangfald
- Kulturminne og kulturmiljø
- Næringsutvikling
- Samferdsel

### Meir om landskap

Planområdet ligg innafør dei regionale landskapsområda Ytstasundet- Midtsundet og Snøyo. Begge landskapsområde er registrert som vanleg førekommande landskap. Hordaland fylkeskommune er positiv til at det vert igangsett tiltak som kan ha positiv effekt for det såret som steinbrotet har i landskapet i dag og at landskap er sett som utgreiingstema i planprogrammet. Vi ber om at fjern og nærverkander av nye tiltak vert skildra i planprosessen.

### Meir om friluftsliv

Vi minner om at Ytstasundet, sør for planområdet, er omfatta av det regionale friluftsområdet Paddøyni. Friluftsområdet er registrert med verdiar i sjø og strandsoner.

### Meir om kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern. Vi har ingen merknader til reguleringsendring når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser.

### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på ros, areal- og transport, friluftsliv, folkehelse, landskap, naturmangfald, næringsutvikling, samferdsel, kulturminne og kulturmiljø

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Lindås kommune